

Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/13283-13

OKOS Sogn og Fjordane - søknad om fritak frå styreverv og eventuelt suppleringsval

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet gir Rita Lilletvedt fritak frå vervet som styremedlem i OKOS Sogn og Fjordane for resten av valperioden.
2. Som ny styremedlem for resten av valperioden, vel fylkesutvalet Elin Garnes Solås.
3. Som ny nestleiar for resten av valperioden, vel fylkesutvalet
4. Kjell Idar Dvergsdal vert varamedlem for begge styremedlemene som er føreslegne av KS Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

Vedtektene for OKOS Sogn og Fjordane

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane – OKOS – er ein del av den fylkeskommunale verksemda. Fylkestinget reviderte vedtektene for OKOS Sogn og Fjordane siste gong i sak 22/05.

Ifølgje vedtektene skal opplæringskontoret leiast av eit styre på fem medlemmer som vert valde av fylkesutvalet. To av medlemene, med personlege varamedlemer, kjem frå kommunane og vert valde etter framlegg frå KS Sogn og Fjordane.

I denne valperioden (2016 – 2019) dreiar dette seg om nestleiar Rita Lilletvedt, med Elin Garnes Solås som varamedlem, og Kirstin Bruland, med Kjell Idar Dvergsdal som varamedlem.

Rita Lilletvedt har no søkt om fritak frå styrevervet fordi arbeidsgivaren hennar, Gloppen kommune, har sagt opp medlemskapen i OKOS Sogn og Fjordane for å gå over i Nordfjord Opplæringskontor.

2. Vurderingar og konsekvensar

I medhald av kommunelova § 15 nr. 2 kan fylkestinget – etter søknad – fritta «den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet».

Fylkestinget har i sak 27/97 delegert til fylkesutvalet å gi fritak for verv i andre organ enn fylkestinget.

Fylkesrådmannen ser at det vert krevjande for Rita Lilletvedt å ivareta vervet som styremedlem i OKOS Sogn og Fjordane når kommunen ho representerer ikkje lenger er blant medlemsbedriftene i opplæringskontoret. Eg tilrår såleis at fylkesutvalet gir ho fritak frå vervet.

Dersom fylkesutvalet innvilgar søknaden frå Lilletvedt, må utvalet velje ein ny styremedlem for resten av valperioden. Fylkesutvalet må også velje ny nestleiar.

Det noverande styret ser slik ut:

Leiar: Henrik Oppen

Varamedlem: Ole Johnny Stubhaug

Nestleiar: Rita Lilletvedt (KS)

Varamedlem: Elin Garnes Solås

Kirstin Bruland (KS)

Varamedlem: Kjell Idar Dvergsdal

Anne Kristin Førde (Fagforbundet Sogn og Fjordane)

Varamedlem: Eli Grov Østerbø

Arvid Stenehjelm (administrasjonen i fylkeskommunen)

Varamedlem: Inger Karin Slinde

KS Sogn og Fjordane har gjort framlegg om Elin Garnes Solås, Hyllestad kommune, som ny styremedlem i tilfelle Lilletvedt skulle få fritak. Solås er i dag varamedlem for Lilletvedt. Dersom Solås vert fast styremedlem, føreslår fylkesrådmannen at Kjell Idar Dvergsdal vert felles varamedlem for dei to styremedlemene som utgår frå kommunane. Fylkesrådmannen vurderer at dette er ei akseptabel løysing for resten av valperioden.